



Arkivnr: 2015/11453-113  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		24.01.2018

### Fastsetjing av forskrift for Fagskolen i Hordaland

#### Samandrag

I styremøte 25.10.2017 vedtok styret å sende Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland på open høyring med høyringsfrist 11. desember 2017. Fagskolen i Hordaland og Utdanningsforbundet har gjeve uttale til høyringa.

#### Forslag til vedtak

Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland (Forskrift for Fagskolen i Hordaland) vert vedteken slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Forslag til revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland

## Fylkesrådmannen, 08.01.2018

I styremøte 25.10.2017 vedtok styret å sende Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland på open høyring med høyringsfrist 11. desember 2017. Fagskolen i Hordaland og Utdanningsforbundet har gjeve uttale til høyringa.

Fagskolen i Hordaland har i hovudsak gjeve innspel til tekstlege betringar, og administrasjonen vurderer det slik at fleire av endringane bør verte tekne til følgje og vil verte omtala i tabellen under. Ei endring som fagskolen føreslår, er å endre omgrepa «bestått – ikkje bestått» til «greidd – ikkje greidd» gjennom heile forskrifta. Fagskolen meiner at av di det i opptakskrava i forskrifta (§ 2-2) er nytta setninga «fullført og greidd vidaregåande utdanning», bør det stå greidd eller greier gjennom heile forskrifta. Administrasjonen meiner likevel at omgrepa «bestått – ikkje bestått» er godt etablerte i utdanningssektoren og bør behaldast. Administrasjonen meiner vidare at ein heller bør endre omgrepet «greidd – ikkje greidd» til «bestått – ikkje bestått» gjennom heile forskrifta. Endringane som fagskolen føreslår og som administrasjonen vil føreslå vert tekne til følgje vert vist i tabellen under.

Utdanningsforbundet peikar på to tilhøve, og desse er:

- Rektor bør ha høve til å stenge ute ein student, t.d. ein dag eller to ved alvorlege hendingar
- Smartklokker må ikkje kunne nyttast på eksamen

Det fyrste innspelet frå Utdanningsforbundet syner til § 4-1 Utestenging og bortvising som stadfestar at den lokale klagenemnda kan fatte vedtak om bortvisning og utestenging. Administrasjonen forstår innspelet frå Utdanningsforbundet slik at det er ønskeleg at rektor kan stenge ute eller vise bort ved alvorlege hendingar i påvente av at den lokale klagenemnda får fatta vedtak. Administrasjonen er einig med Utdanningsforbundet sitt innspel, men per i dag er det ikkje heimel i fagskulelova til å ha ei slik føresegn. Ny fagskulelov har vore på høyring, og i denne er det føreslått ei endring slik at rektor kan fatte midlertidig vedtak om utestenging/bortvising i påvente av vedtak i den lokale klagenemnda. Når ny fagskulelov er vedteken og har trådd i kraft, vil forskrifta verte endra på nytt.

I høve til innspel om at studentane ikkje skal kunne nytta smartklokker på eksamen, vurderer administrasjonen det slik at dette bør vere nedfelt i fagskolen sitt eksamensreglement som går meir i detalj enn det forskrift for Fagskolen i Hordaland gjer.

Vidare vert forslag til endring i forskrifta basert på høyringsuttalane vist. Justert forskrift i tråd med forslaga under ligg som vedlegg til saka.

Kommentar/forklaring	Opphavelig tekst i forskrifta	Ny tekst i forskrifta
Det vert føreslått å bruke omgrepet «bestått» og «består» i forskriftas § 2-2 jf. argumentasjonen over.	<p><b>§ 2-2 Opptakskrav</b> Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolen i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskoleutdanning</p> <p>§ 1: a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak er nedfelt i studieplanane.</p>	<p><b>§ 2-2 Opptakskrav</b> Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolen i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskoleutdanning</p> <p>§ 1: a) Fullført og bestått vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak er nedfelt i studieplanane.</p>

	<p>Søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen kan tildelast plassen om han/ho ikkje består eller ikkje fullfører fagprøven. Fagprøven må vere gjennomført innan 1. oktober i opptaksåret.</p>	<p>Søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen kan tildelast plassen om han/ho ikkje består eller ikkje fullfører fagprøven. Fagprøven må vere gjennomført innan 1. oktober i opptaksåret.</p>
<p>Fagskulen føreslår ei endring i høve til arbeidskrava til studentane. Studentane må ikkje nødvendigvis ha bestått <i>alle</i> arbeidskrava, men dei må vere levert/innfridd.</p> <p>Vidare er det ikkje riktig at: «vil det ikkje bli fastsett sluttarakter i emnet». Om studenten ikkje består emnet vert det sett karakteren F.</p>	<p><b>§ 3-5 Eksamens- og vurderingsordning</b></p> <p>(2) Vurdering med emnekarakter for kvart emne vert gjort på grunnlag av arbeidskrava for emnet. Arbeidskrava er omtalt i studieplanen for kvar utdanning. For å bestå emnet må arbeidskrava vere oppnådd.</p> <p>(3) Når emnekarakteren vert fastsett, blir det gjort på grunnlag av arbeidskrava. Dersom ein student ikkje har oppfylt og bestått alle arbeidskrava i eitt eller fleire tema, vil det ikkje bli fastsett sluttarakter i emnet, og studenten har såleis ikkje rett til å gå opp til eksamen.</p>	<p><b>§ 3-5 Eksamens- og vurderingsordning</b></p> <p>(2) Vurdering med emnekarakter for kvart emne vert gjort på grunnlag av arbeidskrava for emnet. Arbeidskrava er omtalt i studieplanen for kvar utdanning. For å bestå emnet må arbeidskrava vere innfridd.</p> <p>(3) Når emnekarakteren vert fastsett, blir det gjort på grunnlag av arbeidskrava. Dersom ein student ikkje har oppfylt alle arbeidskrava i eitt eller fleire tema, vil sluttarakter i emnet bli F – ikkje bestått, og studenten har såleis ikkje rett til å gå opp til eksamen.</p>
<p>Fagskulen føreslår å endre overskrifta i § 3-6, samt å nytte omgrepa «fagskuleutdanning» og «tema» som no er etablerte uttrykk. Eit tema er ein del av eit emne. Fagskulen føreslår også å endre paragrafens punkt a, for å betre forklara korleis eksamen vert gjennomført. Administrasjonen er einig med fagskulen sin vurdering.</p>	<p><b>§ 3-6 Tekniske fag</b></p> <p>Eksamen vert gjennomført etter følgjande minimumsplan:</p> <p>a) <i>Hovudprosjekt.</i> Hovudprosjektet vert avslutta med ein tverrfagleg prosjekteksamen som inneheld eit individuelt oppsummeringsnotat og ein munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter.</p> <p>b) <i>LØM-eksamen.</i> Emnet som omfattar dei tre LØM-faga (organisasjon og leiing, økonomistyring og marknadsføringsleiing) vert</p>	<p><b>§ 3-6 Eksamen ved dei tekniske fagskuleutdanningane</b></p> <p>Eksamen vert gjennomført etter følgjande minimumsplan:</p> <p>a) <i>Hovudprosjekt.</i> Hovudprosjektet vert avslutta med ein tverrfagleg prosjekteksamen. Eksamen er munnleg og skriftleg: Den er samansett av eit individuelt oppsummeringsnotat og ein munnleg eksaminasjon.</p> <p>b) <i>LØM-eksamen.</i> Emnet som omfattar dei tre LØM-tema (organisasjon og leiing, økonomistyring og marknadsføringsleiing) vert</p>

	avslutta med ein tverrfagleg eksamen.	avslutta med ein tverrfagleg eksamen.
Det vert føreslått å endre overskrifta til denne paragrafen slik som i § 3-6.	<b>§ 3-7 Helsefag</b>	<b>§ 3-7 Eksamen ved helsefagskuleutdanningane</b>
Same endring som over.	<b>§ 3-8 Maritime fag</b>	<b>§ 3-8 Eksamen ved dei maritime fagskuleutdanningane</b>
Same endring som over.	<b>§ 3-9 Grøne fag</b>	<b>§ 3-9 Eksamen ved dei grønne fagskuleutdanningane</b>
Det vert føreslått ei presisering i tredje ledd at ein student som har fullført men ikkje greidd vil kunne få ei karakterutskrift.	<b>§ 3-11 Dokumentasjon</b> (3) Ein student som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullførte og beståtte emne og eksamenar.	<b>§ 3-11 Dokumentasjon</b> (3) Ein student som ikkje har fullført, eller som har fullført men ikkje bestått heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner fullførte og beståtte emne og eksamenar.
Det vert føreslått ein presisering i § 3-13 andre ledd i høve til kva som er gyldig fråværsårsak ved eksamen, samt krav til dokumentasjon.	<b>§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen</b> (2) Studentar som følgjer normalt skuleår, vert automatisk meldt opp til eksamen. Frist for å melde seg av eksamen er <i>tre veker før</i> eksamensdato. Dette gjeld også studentar som har meldt seg opp til ny eller utsett eksamen.	<b>§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen</b> (2) Studentar som følgjer normalt skuleår, vert automatisk meldt opp til eksamen. Frist for å melde seg av eksamen er <i>tre veker før</i> eksamensdato. Dette gjeld også studentar som har meldt seg opp til ny eller utsett eksamen. Gyldig fråværsårsak er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar, og desse skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg og seinast innan <i>tre vekedagar</i> etter eksamen.
I opphavelig tekst er det nytta studenten i eintal ein stad i setninga og studentane i fleirtal ein annan stad i setninga. Det vert føreslått å berre nytte studenten i eintal i setninga.	<b>§ 4-1 Utestenging og bortvising</b> (1) Den lokale klagenemnda, kan vedta at ein student som har skapt fare for liv eller helse - eller har oppført seg grovt usømmeleg - overfor nokon studentane har møtt i samband med	<b>§ 4-1 Utestenging og bortvising</b> (1) Den lokale klagenemnda, kan vedta at ein student som har skapt fare for liv eller helse - eller har oppført seg grovt usømmeleg - overfor nokon studenten har møtt i samband med undervisning

	<p>undervisning eller praksisopplæring, vert utestengt frå fagskuleutdanning med klinisk undervisning og praksisstudium, og fråteken retten til å gå opp til eksamen i slik utdanning ved fagskolen i inntil tre år. Det same gjeld dersom ein student har brote lovfesta teieplikt.</p>	<p>eller praksisopplæring, vert utestengt frå fagskuleutdanning med klinisk undervisning og praksisstudium, og fråteken retten til å gå opp til eksamen i slik utdanning ved fagskolen i inntil tre år. Det same gjeld dersom ein student har brote lovfesta teieplikt.</p>
<p>Det vert føreslått å endre omgrepet mappeevaluering til mappevurdering av di det er dette som vert nytta i studieplanane og i resten av forskrifta.</p>	<p><b>§ 5-1 Klageinstans</b>  (1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les om grunngjeving for karakter under § 3-2, klage på mappeevaluering/emneevaluering under § 5-3 og eksamen under § 5-4.</p>	<p><b>§ 5-1 Klageinstans</b>  (1) Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les om grunngjeving for karakter under § 3-2, klage på mappevurdering/emneevaluering under § 5-3 og eksamen under § 5-4.</p>
<p>Det vert føreslått å sette inn eit komma i siste setning for å betre teksten.</p>	<p><b>§ 5-2 Framgangsmåte og fristar</b>  (1) Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor. Rektor skal – som den som har fatta vedtak i første instans – vurdere om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom rektor ikkje finn grunn til å oppheve vedtaket sender rektor klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i den lokale klagenemnda.</p>	<p><b>§ 5-2 Framgangsmåte og fristar</b>  (1) Alle klager skal sendast til den einskilde fagskule ved rektor. Rektor skal – som den som har fatta vedtak i første instans – vurdere om det er grunn til å oppheve vedtaket. Dersom rektor ikkje finn grunn til å oppheve vedtaket, sender rektor klaga til handsaming for ny sensur eller til handsaming i den lokale klagenemnda.</p>
<p>Det vert føreslått å sette inn dato 24.01.2018 som er datoen styret handsamer sak om å endre forskrift for Fagskolen i Hordaland.</p>	<p><b>§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving</b>  a) Denne forskrifta trer i kraft DATO.</p>	<p><b>§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving</b>  Denne forskrifta trer i kraft 24.01.2018.</p>